

REFERAT FRÅ STYREMØTE VIKEBYGD GRENDEUTVAL 29.05.24.

Til stades: Gunnar Birkeland, Espen Årvik, Else Karrin Dommersnes (vara) og Gunn Vikingstad.

Forfall: Camilla Bjørnevik og Mona Aksdal

- 1) Referat frå forrige møte gjennomgått og godkjent.
- 2) *Nabomøte – Trovåg Laks:*
Grendeutvalet er invitert til nabomøte på Trovåg Laks 03.06.24. Else Karrin stille for oss. Gunn sende påmelding.
- 3) *Blomster/planting:*
Mona har planta «rundt i bygda» og gjort det fint! Det er komme tips om å kjøpe inn vannkanne og henge denne på kaien (+ evt andre «blomsterplassar» der det er tilgang til vatn) – inkl sette opp skilt og be folk om å vatne «når det trengs». Kan du Mona fikse det?
- 4) *Støtte til Vindafjordhallen:*
Det er sendt mail til dei andre grendeutvala med oppfordring om å gi økonomisk støtte til Vindafjordhallen – primært for å vise at me står saman om det prosjektet. Har fått tilbakemelding frå Vågen at dei ikkje har midlar til det – ellers ikkje fått respons frå dei andre enno. Me bruke SØK-midler til vår støtte.
- 5) *Status veg-gruppa:*
Gunnar orienterte om arbeidet så langt. Brev er sendt til «diverse instansar». Kopi av dette sendes til fellemailen. (Gunn fikse)
- 6) *Åpning av bygdas første rasteplass – i Trovågsvingen*
Har snakka m/Øyvind Haraldseid om evt markering/åpning av den nye rasteplassen. Dei er positive og vil gjerne planlegge eit arrangement saman med oss i starten av september.
- 7) *Flaggstanga i parken v/kyrkja*
Flaggstanga ser ut til å vere moden for utskifting. Gunn sjekke m/Ingrid Mathilde kven som er ansvarleg for den/parken – før me vurdere om VGU skal bidra til ny flaggstang.
- 8) *Dugnadsfest på Bryggebakken i juni:*
April/mai er travle i bygda og mange har deltatt på ulike dugnader: Vårdugnad på Bygdahuset, kyrkja og bedehuset, Vikeputten, Bobilfestival og 17-mai. Nå er det tid for å feire oss sjølv litt! «Mandagsgrillingen» i juni blir gjort om til dugnadsfest med gratis mat til alle som vil delta. Ivar og Gunn tar ansvar for gjennomføringa. Solveig har 1500,- igjen etter ein tidlegare bygdemiddag og desse pengene blir brukt. Resten dekke VGU. Sjekke også evt sponning frå Nortura (via Jeanett)
- 9) *Nytt informasjonsmøte om Dommersnes:*
Jørgen Jorde ynskje å ha nytt info-møte før sommaren. 20.juni er foreslått. VGU ordne det «tekniske» (bestille hus og annonsere) – resten ordne Jørgen. Det er ynskjeleg at kommunen, inkl ordførar er med på møtet. Gunn gir Jørgen tilbakemelding.

10) Jentefestival i regi av Gode Vibber?

Er det aktuelt å lage til ein «jentefestival» i eit samarbeid mellom dei tre bygdene – for å skape blest/omtale og bidra til auka interesse for tilflytting – noko i retning av Kjerringsveiven i Rjukan (som Else Karrin har «testa ut»)? Ta utg.pkt i Vats/Nesheimstunet (som ligg omtrent midt mellom dei tre bygdene)? Legge opp til kanoturar, overnatting i lavvo, mat på Nesheimstunet?? Komiteen bør bestå av yngre folk/folk i målgruppa. Stine Lise, Mariell og Maren?? Saka blir drøfta vidare i neste styringsgruppemøte i Gode Vibber.

11) SØK-midlene:

Søknadsfristen går ut 31.5.24. Så langt er det komme 4 søknadar. Gunn lage forslag til tildelingar når fristen er ute. Kommuniseres via mail.

Vikebygd 31.05.24 Gunn, vikarierende referent.